



SOMMERKURS

 musikkorps.no

Musikkveka 2021

Stad: Sunnmøre Folkehøgskule, Ulsteinvik

Dato: 8.-14. august 2021

Her kjem litt informasjon om kurset!



NMF
NORGES
MUSIKKORPS
FORBUND
Nordvest

Velkommen på Musikkveka 2021!

74 deltakarar er påmelde i skrivande stund på kurset. Vi gler oss til kjempeflotte dagar med mykje musikk og aktivitetar, og vi skal gjere vårt aller beste for at du skal få både trivelege og lærerike dagar!

Frammøte:

Sunnmøre Folkehøgskule, Ulsteinvik, søndag 8. august mellom klokka 14 og 15.

Avslutningskonsert:

Avslutningskonsert på Sunnmøre Folkehøgskule klokka 13:00

laurdag 14. august. OBS! I år kan de kun ta med ein tilhøyrar pr. deltakar. Om det er nokon som ynskjer fleire, kan det avtalast internt med dei andre i eige korps.

Opphald:

Innkvartering med sovepose / dyne i senger på to-, tre- og firemannsrom.

Deltakarar frå same korps vil så langt som råd bli plassert på same rom.

Måltid:

Det vert servert tre måltid per dag: frukost, middag og kveldsmat. I tillegg lages det matpakke til lunsj kvar dag. Det er lov å lage ei ekstra matpakke om man trur man blir svolten i løpet av dagen. Det er tilsyn av vakse personale heile døgnet. Dagen de kjem er lurt å ha spist litt på førehand slik at ein ikkje blir svolten like etter kursstart.

Stab:

Musikalsk leiar for kurset er Idar Torskangerpoll og Åge Jan Barlund.

Leirsjef er Ingebjørg Eide og leirassistent er Knut Fredrik Madsen.

Resten av staben er:

Fløyte	Jasmina Zivic
Klarinett og saksofon	Siri Godø Wiik
Kornett/ trompet	Stefan Cooper og Kristoffer Kregnes
Horn	Tone Langsrud
Trombone	Åge Jan Barlund
Tuba/ euph./ Baryton	Knut Elias Barstad
Slagverk	Andreas Bergset

Smittevern

Det er utarbeidd en nasjonal plan for smittevern av NMF Nasjonalt. Plana ligg vedlagt mailen til informasjon.

I tillegg er god handhygiene, være oppmerksom på symptom som hoste, tett/rennande nase og halde så god avstand som mogleg det viktigaste tiltaket gjennom veka. Følar du deg sjuk før oppstart, ikkje kom, men ta kontakt med leiren. Ved negativ test er du velkomen til leiren, sjølv om den allereie har starta.

Føler du deg sjuk under leiren, ta kontakt med Ingebjørg eller Knut Fredrik så tar dei ansvaret vidare.

Me og folkehøgskulen har hatt god kontakt med kommuneoverlegen og ho har godkjend plana for gjennomføring og plana for smittevern.

Fullmaktsskjema

Vedlagt ligg to fullmaktsskjema. Eit for faste medisinar og eit for film og bilde godkjenning. Er du over 18 år kan du fylle ut og signere skjemaet sjølv. Lever skjemaet i innsjekksranken når du kjem. Har du gløymt skjemaet har me nokon ekstra, evt. kan ein føresett sende ein sms av skjemaet til leirsjef Ingebjørg.

Spørsmål

Under kurset tar de kontakt med leirsjef Ingebjørg Eide på telefon: 476 55 087 eller assistent Knut Fredrik Madsen på telefon: 458 03 087

I forkant av kurset når ein oss på kontoret til NMF Nordvest på: 982 41 164.



Hugs og ta med

- Feilfritt instrument med tilhørende utsyr (muter, fliser etc)
- Notestativ (hugs og merke med navn)
- Sovepose eller dyne/pute med dynetrek, putetrek og laken
- Skrivesaker
- Handkle
- Skrivebok
- Toalettsaker
- Personlege medisinar
- Treningskle/ joggesko (til fotball)
- Svart bukse og svarte sko til konsert
- Innsesko
- Drikkeflaske
- Litt lommepenger til en tur på butikken.

Slagverkere tar med stikker, køller, øvingspad og skarptromme med stativ.



Reglement

1. Elevane pliktar til ein kvar tid å rette seg etter dei beskjedar som blir gjevne av personalet på leiren.
2. Alle fastsette frammøtetider, rosignal, vekke og etetider skal overhaldast.
3. Elevane skal møte i god tid før kvar undervisningstime slikk at dei er speleklare når timen tek til.
4. Elevane skal opphalde seg på skulen sitt område under kurset. Ingen må forlate skulen utan å gi beskjed til leirsjef/ assistent.
5. Røyking er forbode innandørs.
6. All bruk av alkohol og andre rusmidlar er forbode.
7. Det skal være ro på romma mellom 23.00 og 07.00.
8. Energidrikkar som Red Bull, Monster ol. er ikkje lov på sommarkurset.
9. Brot på reglementet kan føre til utvisning frå leiren utan tilbakebetaling av kursavgifta.

